



**RETNINGSLINER FOR INNVILGING AV KOMMUNAL SKULESKYSS  
VEDTEKE I KOMMUNESTYRET 19.05.05. KST SAK 0050/05  
ENDRING VEDTEKE I KOMMUNESTYRET 26.06.2007 – SAKNR.  
72/07. GJELDANDE FRÅ 01.08.2008.**

1. Av omsyn til trafikkfaren har elevar i 1. og 2. årssteg som har under høvesvis 2 km elier 4 km skuleveg, fri kommunal skuleskyss på riksveg- og fylkesvegstrekingar utan gangveg eller nedsett fartsgrense slik:
  - a. Strekninga Torvik - Ulvestad skule.
  - b. Strekninga Sandvik - Bjørkedal nærskule. (Dette punktet gjeld frå 1. til 7. årssteg.)
  - c. Strekningane Skinnvik - Austefjord skule og Engjaberg/Sundal - Austefjord skule.
  - d. Strekninga Hjellbakken/Gjersdalsbrua - Austefjord skule.
  - e. Strekninga Aurstad - Austefjord skule.
  - f. Strekninga Fremmerlid - Vikebygda skule.
  - g. Strekninga Holen - Mork skule.
2. Av omsyn til trafikkfaren kan elevar i 1. og 2. årssteg få innvilga fri kommunal skuleskyss på andre vegstrekingar etter søknad.
3. Det vert ikkje gjeve kommunal skyss til ungdomsskuleelevar.
4. Det vert ikkje gjeve kommunal skyss til eller frå skulefritidsordningar.
5. Der det er mogleg, må eksisterande bussar nyttast.
6. Dersom det kjem fram skyssbehov som ikkje er dekte i punkta ovanfor, kan desse vurderast etter søknad.
7. Etter kvart som vegstandarden vert betre, til dømes med gang- og sykkelstig, nedsett fartsgrense, veglys eller andre ting som gjer vegen tryggare, skal den innvilga kommunale skyssen vurderast på nytt.
8. Skulesjefen avgjer søknader om fri kommunal skuleskyss etter dette reglementet.
9. Klagesaker skal handsamast av Driftsstyret. Ved avslag går klaga til Fylkesmannen.